


# ÅRSRAPPORT FITJAR FRIVILLIGSENTRAL 2022



## ØKONOMI

Året 2022 har vore eit meir «normalår» i høve pandemi og drift av sentralen

Gjennom Norges Frivilligsentraler (interesseorganisasjon for frivilligsentralar) er det no forhandla fram forskrift for frivilligsentralar i Norge, og Fitjar frivilligsentral mottar statleg støtte gjennom Kulturdepartementet . Dette tilskotet er knytt til årleg søknad om frivilligsentral frå Fitjar Kommune, og frå 2023 skal Lotteri-og Stiftingstilsynet ha kontroll og rapportering frå kommunane. Tilskotet skal frå 2023 vera kring 440.000 og det er no gjennom forskriftena krav til minimum 40% lokal finansiering i tillegg. Gjennom budsjettforhandlingar i Stortinget, blir tilskotet til frivilligsentralar bestemt.



Frivilligsentralen i Fitjar har i 2022 hatt 3 pc-krasj og økonomisystemet har vore rebygd 2 gonger, dette har ført til dårlegare økonomi-oversikt enn ønska. Det er frå nyttår 2023 gjort avtale om at Tveit Rekneskap overtar føring av rekneskap og lønn for frivilligsentralen, - dette grunna stor arbeidsmengde for dagleg leiar.

Sentralen har motatt midlar frå Kulturdepartementet gjennom Fitjar Kommune. Ein har i tillegg fått tilskot frå Vestland Fylke (trafikksikringsdag), Statlege midlar frå BUFETAT (ope hus) samt fram til juni, tilskot frå Fitjar Kommune for prosjekt med utprøving av fritidskortet for Bufetat.

Ein har i tillegg motatt midlar gjennom Fitjar kommune, som har gått til å dekka arbeid med eldreakтивitetar, «Aktive Saman». Her har ein saman med kommuneadministrasjonen forsøkt å søkja nye midlar til dette.

Fitjar frivilligsentral har søkt inn midlar for å bruka til ungdom, såkalla «Hjartebank-prosjekt» gjennom Sparebanken Vest. I tillegg har ein søkt banken om midlar til å nytta målretta mot gratisbutikken for nyankomne flyktningar. Ein har motatt allmennyttige midlar frå Fitjar Kraftlag, i

tillegg til gâve for å nytta til Ukrainske flyktningar inn mot jul og julegåver. Unytta midlar i forbindelse med desse gåvene, vil bli overført til 2023 òg. Ein kan òg nemna midlar frå Haugaland Kraft, for utdeling til låginntektsfamiliar i Fitjar . Tildeling to gonger i løpet av året, i juni og desember. Desember-utdelinga i form av julegåver (gåvekort) til nokre utvalgte låginntektsfamiliar i bygda. Nokre av midlane frå Haugaland Kraft er og nytta til fleire aktivitetsdagar for born og unge i Fitjar i sommerferie og haustferie.

Grunnfinansiering er på plass med hjelp av ovennemnte midlar, i tillegg til budsjetterte midlar frå medstifterane.

## **STYRET**

Alle i styret tok gjenval og stiftinga har hatt eit stabilt og eit svært engasjert styre over lang tid. Styreleiar Hrafn Thorsteinsson har hatt oppfølgjing og tett samarbeid med dagleg leiar.

Nestleiar er Angunn Bårdsen, styrerrepresentant Odd Bondevik frivillig representant, Geirmund Aga frivillig representant, Sigrunn Eiken frivillig representant.

Som 1.vara har Ragnhild Helle stilt opp og 2.vara har vore Lilli Ann Drønen.

I 2023 vert det krevd ny statsautorisert revisor for å hjelpe oss med revisjon av rekneskapet for 2022, da Martin Eltarvåg har pensjonert seg og slutta sommaren 2022.

I valnemda sit Ordførar Harald Rydland saman med Gunn Kari Fjelltun – representant frå Fitjar Skulekorps og Tore Sigurd Fitjar i Fitjar Skyttarlag.

## **TILSETTE**

Ellinor Austad Bergesen har vore tilsett frå starten i august 1999 som dagleg leiar.

Ved ope hus for ungdom er Joanna Przygocki tilsett i ein timelønna stilling, inntil 20%. (tilsett frå oktober 2016) Uforutsette hendingar gjer at ein har nytta vikar ved tilbodet Ope hus for ungdom. Dette har vore Kurt Samuelsen og Stine B Hoff.

Dei tilsette er forsikra gjennom Gjensidige Forsikring, og ein har òg teikna forsikring der for alle frivillige på oppdrag for frivilligsentralen.

## Samarbeid kommune/frivilligsentral

Fitjar kommune har invitert til samarbeid i mange saker og gjennom samarbeid i såkalla «tilskotsgruppe» har ein knytta nærmare samarbeid og gjensidig og nyttig informasjonsutveksling.

Fitjar kommune er ein av medstifterane våre.

Ny samarbeidsavtale skal forhandlast i slutten av 2023.

## Badetilbod i Fitjar 2022

Hausten 2022 hadde vi nok badevakter til å starte opp igjen eit tilbod med offentleg bading i Fitjar på mandagar. Det er eit tilbod som er delt i 3 badetimar, med born og foreldre, born over 10 år og ein time som er tilbod for dei som berre ønskjer å symja i bassenget.

Dette vart dverre eit kortvarig tilbod med til saman 4 veker, før kommunestyret bestemte at bassenget skulle stengjast til ut februar 2023 for å spara pengar.

For dei gruppene som har nytta seg av tilboden, har dette vore viktig og ein veit at det er eit sakna tilbod no på vinteren.

Planen er å starta opp og ha ope frå mars 2023



## Vaksinepersonell

Sjølv om pandemi-vaksinering er roa ned, har det likevel vore to høve som det har vore nødvendig å ha frivillige saman med vaksinepersonell i år og. Dette var ein kombinasjon av covid-19-vaksine, pneumokokk-vaksine og årets influensavaksinering.

## Trim/turgrupper

Fredags-gruppa som går på tur er fortsatt i drift, med eit aktivt pensjonert ektepar som set opp turar og organiserer dette .

Denne turgruppa har vore i drift frå september 1999



## AKTIVE SAMAN – med 3 tilbod:

### Fallførebyggjande trening

er eit tilbod for alle som treng dette, torsdagar.

Dagleg leiar er instruktør. Ein har forsøkt å finne midlar til å finansiera leige for lokaler ein nyttar, og dette er delvis på plass.

Denne treninga er ein del av Aktive Saman-konseptet i Fitjar.

I treninga er det fokus på å oppretthalda styrke i store muskelgrupper, trenar opp balanse og styrke. Det er per i dag 12-13 stk som deltek.

Per no er deltakergruppa i alderen 70 – 92 år .



## Aktive saman :

### Besøk frå elevar/samarbeid Fitjar Vidaregåande skule



Etter haustferien 2022 starta ein for fullt opp igjen med elevbesøk hos 8 eldre heimebuande i Fitjar. Dette er elevar frå 1.og 2.klasse vidaregåande skule i Fitjar- helsefagarbeidarar.

Dette er i elevane sin praksisperiode og varer fram til april 2023, med besøk ein gong i veka, ca 2 timer. 2 elevar per brukar. Dei snakkar saman, finn ut om det er ein aktivitet dei kan gjera den dagen dei er der, det kan vera besøk på skulen, kafèbesøk, biblioteket, handling eller at elevane hjelper med praktiske små ting i heimen. Praten går lett og det er vinn-vinn for begge partar. Skulen melder om elevar som ser fram til dette møtet og som har gode resultat i kommunikasjon og sitt syn på eldre. I tillegg har det ikkje vore elevar som har falle frå skuleplassen sin, men heller styrka sin overbevisning over yrkesval dei har tatt.

Samarbeidet med helse har vore god og frivilligsentralen si rolle er rekruttering og koordinering.

## Måltidsfellesskap

Det 3.tilbodet under Aktive saman i Fitjar er eit måltidsfellesskap.

Her bestiller ein mat innan kl 12 dagen før, eller har val om å stå på ei fast liste for middag på onsdagar. I 2022 var denne middagen kl 15 00 og frivillige som hentar maten på kjøkenet ved Fitjar Bu-og behandlingssenter for servering på Fitjar Seniorsenter sine lokaler.

Da kjem brukerane til pynta bord og blir servert middagsporsjonar av dei

frivillige. Det er lun og god stemning på desse middagane og veldig populært tilbod for dei som nyttar seg av det. Diverre er det litt få som er faste brukerar med eit antal på 7. Dei frivillige et og middag saman med brukerane, slik at det vert eit triveleg samkome. Ein ser at alle dei som kjem et godt og kosar seg med middag m/dessert og kaffi. Maten er velsmakande og ser innbydande ut.



**SEPTEMBER 2022:**  
Onsdag 07.09  
Fisk i form  
Aprikos suppe  
Onsdag 14.09  
Komla  
Tropisk fruktkompott  
Onsdag 21.09  
Steikt Laks  
Rabarbra grøt  
Onsdag 28.09  
Oksegrøte  
Gele  
Hugs påmelding dagen før innan kl 1200  
til frivilligsentralen 971 43 785  
eller kundetorget Fitjar Kommune 53 45 85 00

NB: frå 1. oktober stig prisen til kr 135,-  
(Peri dag koster middagen 120,-)

## Lag og organisasjoner

Fleire lag og organisasjoner i Fitjar venta lenge med å starta opp att etter pandemi og restriksjonar kring dette. Dei fleste gruppene i idrettslaget hadde «overlevd», men nokre grupper er diverre blitt mykje færre.

Det hadde vore riktig og ønskjeleg å få sving på ein frivilligplan i Fitjar, men det har vore treigt å få respons ved henvendelsar kring dette så langt. Ein hadde og eit ønskjer om å få til eit felles arrangement i høve frivilligåret 2022, men det lukkast ikkje. Frivilligsentralen markerte dette med å delta på Sykkelturen som gjekk gjennom Sunnhordland i juni 2022, samt frivilligsamling i desember.

## FØREBYGGJANDE ARBEID

### Forsøksordning med Fritidskortet

Dagleg leiar var fristilt i tilsvarende 30% stilling for å delta som koordinator i forsøksordning med fritidskortet i Fitjar kommune . Dette i samarbeid med Bømlo og Stord kommune. Ordninga har vart i 1 år, men vart ikkje vidareført etter sommaren 2022- og avvikla i den formen som var i forsøket. (Det er «erstattat» med fritidskasse der låginntektsfamiliar kan søkja om støtte). Fitjar kommune finansierte dette for frivilligsentralen.

I samband med forsøksordninga var Kurt Samuelsen tilsett som vikar og avlasta mange oppgåver for dagleg leiar. Han hadde sin siste arbeidsdag i juni 2022. Forsøksordninga var vellukka for dei som tok del i ordninga, men vi er usikre på om forsøkstida var for kort til å kunne nå dei som kanskje trong det mest. Dette har vore ei nyttig erfaring å ta med seg. Det som ein på slutten brukte krefter og restmidlane til, var å få opp ein aktivitetsportal som kan nyttast for alle som ønskjer å delta i ein aktivitet på fritida si. Her er og utvikla ein aktivitetskalender som ein håpar kan bli nytta framover. Denne heiter «Aktivitet for alle.no»



## Ope hus for ungdom

Med midlar frå BUFETAT (Barne-ungdoms-og familiendirektoratet) har vi igjen klart å halda liv i ein viktig møteplass for unge frå 8.klasse . Joanna Przygocki har leia dette tilbodet frå 2016, som rommer kring 30-40 brukerar ein dag i veka. Der har dei matkveldar, bingo, spel, karaoke, quiz-kveldar i tillegg til open idrettshall med mange aktivitetar. Vi har vore heldige å få støttemidlar til matkveldar og litt utstyr frå Fitjar Kraftlag og vi har og hatt eit par år med støtte frå Haugaland Kraft. Fitjar kulturkontor støtter oss med kulturmidlar til arrangement og ting vi ønskjer å få til under konseptet vårt. I Fitjar viser ei oversikt at vi har mange låginntektsfamiliar, og at dette kanskje kan vera eit lite hinder for nokre ungdommar. Av den grunn er tilbodet med ope hus eit gratis-tilbod for alle ungdom i målgruppa.

Dei unge får alltid litt å bite i når dei kjem innom, men likevel ser vi at dei stikk innom ein eller to butikkar i løpet av kvelden, for så å venda

tilbake til Ope hus-tilbodet. Mange nyttar seg av bordtennis-aktivitet mens dei er her – og ein god del ønskjer berre å «henge her» og ha følelsen av å vera fysisk saman med andre ungdommar. Tilbodet har alltid vaksne eller foreldre med som vakt og ein leiar er tilsett på timebasis.



Besøk av politiet er alltid kjekt.



## AKTIVITETSDAGAR

Vi har arrangert aktivitetsdag for dei yngste i barneskulen i juni og i haustferien. På sommaren var det aktivitetar i idrettshallen med stasjonar og avslutta med gratis kino og popcorn. Det var 109 ungar som deltok i aktivitetsdagen i juni. Her hadde vi eit flott samarbeid med ungdom frå barne-og ungdomsarbeiderlinja ved Fitjar vidaregåande skule. Alle ungdommane hadde det like kjekt med å arrangera denne dagen som ungane som var her. I hallen hadde vi hoppepute, «stiv heks» konkurransar av ulike slag. Samtlege ungar koste seg og gjekk i kinosalen med sveitte luggar.

Det var tilbod om gratis kino til heile ungdomskulen med popcorn og brus, men dette var dverre därleg besøkt. Dei få som var her, koste seg veldig.

I haustferien hadde vi ny suksess med aktivitetsdag med plass til 100 ungar. Same konsept som i juni, men i byte for kino fekk alle gratis pizza servert i idrettshallen i pause midt på dagen. Dette arrangementet var i samarbeid med Fitjar Idrettslag.

Vi finansierte dette gjennom midlar vi har fått frå Haugaland Kraft og frå Sparebanken Vest. Kjekt å kunne tilby dette slik at alle ungane kan komma på skulen etter ferien sin og fortelja om ei oppleving dei har hatt, uansett korleis økonomien for ein familie er.

## Trafikksikringsdagen «ta ansvar»

Frivilligsentralen har i lang tid vore koordinator for trafikksikringsdag for ungdomskulen ( 9. og 10.trinn) og alle klassetrinna ved Fitjar vidaregåande skule. Det er nedsett ei arbeidsgruppe som bestemmer innhaldet i trafikksikringsdagen. Frivilligsentralen søker om midlar til Vestland Fylkeskommune, og vi har vore heldige å få dekka det meste av kostnadane gjennom desse midlane.

I 2022 gjennomførte vi programmet med foredrag med psykolog Trond Haukedal, som har nyttig kunnskap kring ungdom og trafikk, og er ein ypperleg foredragshaldar. Deretter var det fullscala-øving på parkeringsplassen til Fitjar vidaregåande skule der det med heisekran vart droppa ein bil i om lag 75 km/t slik at ungdommene skulle sjå kva som skjer dersom du kolliderer i slik høg fart. Fitjar Brannvesen hadde ei sentral rolle her både med å førebu og gjennomføring av øvinga.

Ambulansetenesta i Helse Fonna deltok både i øvinga og som speaker under droppet.

Deretter vart elevane sendt på postar der dei var innom Sunnhordland Trafikkskule, Politi, Trygg Trafikk, kommunens krisehandteringsgruppe og NAF med bråstopp-maskin og Veltejacob - der elevane fekk kjenna på korleis det er å bråstoppe i fart og å komma seg ut av ein bil som veltar. Det å ta val i ei trafikkhending var eit gjennomgåande tema. Fitjar vidaregåande skule si kantine serverte saft og kyllingpølser i brød i pausen, før dei tok siste del ut i postane før vi avslutta. Avslutningsvis hadde russen ein appell saman med Politieti kultursalen.

Evalueringsskjema vart òg fylt ut og levert inn, slik at ein kan få innspel på korleis dagen hadde vore for alle 300 elevane.

Her nokre bilde frå dagen:



## Frivilligåret 2022 og Sykkelturen

To damer takka ja til å vera med på den store Sykkelturen , arrangert av Norges Frivilligsentraler. Dette var syklar som sykla etappar frå Nordkapp til Arendal i løpet av våren/sommaren. Målet med dette var å synleggjera frivillig arbeid i landet med å filma dette. Sykkelturen fekk

stor merksemd i norske mediar.

Her i Sunnhordland besøkte Sykkelturen Bømlo og Kvinnherad. Fitjar heiv seg på med to deltakerar til sykkeltur og til rullatorløp på Moster.

## Gratis seniorkino med vaffel

I samarbeid med Fitjar kommune og kultursjef, arrangerte vi saman ein gratis seniorkino med påfølgjande kaffi og vaflar etterpå. Dette var veldig populært og drøsen rundt bordene varte lenge etter kinoen.



Tilbodet var i tråd med den kulturelle spaserstokken og midlar derifrå. Det er ønskjeleg med fleire slike tilbod blant seniorane.

## Matombering til eldre heimebuande

Frivilligentralen koordinerer matutkjøring til eldre heimebuande frå mandag til fredag. Det er trufaste og svært engasjerte sjåførar som bringer varm middag heim til eldre heimebuande i Fitjar.

I feriar til dei faste sjåførane er det godt å ha mange vikarar, og det er fleire på denne lista som kan gjennomføra dette. Frivilligentralen har utført dette oppdraget i over 20 år for Fitjar kommune.



## Kaffistund Havnahuset

Som eit lite tilbakeblikk har kaffistunda på Havnahuset vore eit tilbod i bortimot 20 år – ein gong per månad. Da kjem frivillige inn med

heimebakst , rundstykker eller anna godsaker og har litt underhaldning. Dette er blitt svært populært blant bebuerane og naboar som deltek. No er det ikkje mindre enn 3 musikantar som lagar tonefølgje til denne stunda. Nokon les litt, det kan vera enkle konkurransar eller berre song til følgje til lunsjen. Dei siste 5 år har dette vore eit tilbod til lunsj.

## Utkjøring av strøsand

Vi hadde kun lite utkjøring av strøsand i 2022, da det var ein noko mild vinter og brukerane hadde strøsand frå året før heime hos seg. Vi følgjer opp tilboden gjennom vinteren og fyller på dersom det skulle bli nødvendig. Viktig førebyggjande tiltak til eldre heimebuande over 70 år. Dei som ikkje får tilkjørt strøsand, kan få henta seg gratis sand hos kommunen sin uteavdeling.

Vi har ein pensjonert, engasjert mann som har vore trufast med ordninga vår og kjørt ut sand. Og i tillegg strødd innkjørsel hos mange som har fått sand i mange tilfeller. Det er no ganske mange brukarar på lista vår.



## Lindrande behandling

Dette er eit tilbod til mennesker som har ønskje om avlastning og besök frå frivillige i ein terminalfase i heimen sin.

Samarbeidet er mellom Ida-posten ved Helsefonna, Stord Sjukehus og frivilligsentralane i Stord, Fitjar og Bømlo.

Her kan vera god avlastning for pårørande og ei fin stund mellom den som er sjuk og eit medmenneske og sambygdning.

Vi har fleire frivillige på lista vår, men så langt har ikkje tilboden vore nytta.

## Følgjeteneste

Vi har 2-3 frivillige som tek på seg å følgja til sjukehus, tannlege, og andre helsetenester. Da ringer dei som regel frå heimetenester eller havnahuset og spør om vi har nokon som kan følgje. Vi har til dags dato klart å løysa dei fleste førespurnader. Frivilligsentralen og dei frivillige sparar helsetenesta for ekstra ressursar . Nesten utan unntak følgjer dei frivillige ei drosje saman med brukaren. Det er ofte den frivillige må bruka nesten ein heil dag på ei slik teneste, men klagar aldri over det. Brukerane spør ofte etter dei same personane som dei føler seg trygge saman med, og ofte får vi dette til å klaffe.

## Tilsynsvakter

Vi klarte ikkje å mobilisera nok frivillige frå brukersida til å få eit system med vakter opp å stå igjen. Dette er førebels lagt på is. Kultur og idrettsbygget har lagt om låsesystemet slik at det er mogleg å låsa ute men at folk kjem seg ut om det er nødvendig.

## Nettverksarbeid


Frivilligsentralane i Sunnhordland møtes jamnleg til felles ideutveksling og påfyll. Ein forflytter seg rundt i sentralane etter eit system og vi har no nettverksleiar-ordning som går på rundgang.

I tillegg har Frivillig Vestland tilbod om fagdag ein dag i året.

Norges Frivilligsentraler er ein interesseorganisasjon for oss og samarbeider tett med blant anna Frivillighet Norge og har møter med kulturdepartementet sine folk når det er nødvendig.

I 2022 var det fagdag for frivilligsentralane i Vestland i Bergen. Godt fagleg påfyll.

Her bilde av Gijs Mans som er generalsekretær i Norges Frivilligsentraler



med gjennomgang av den nye forskrifta vår.

Norges Frivilligsentraler har nyleg fått på plass ei forskrift for frivilligsentralane i Norge. Det blir framover Lotteri og Stiftingstilsynet som skal ha kontroll med tilskot som blir fordelt til dei kommunar som har frivilligsentral. I tillegg er det igjen lagt inn i forskrifta at sentralane skal ha minimum 40% lokal finansiering.

Dette er meddelt Fitjar kommune og styret i stifta Fitjar frivilligsentral.

## **NRK 1 TV-aksjonen**

I fleire tiår har frivilligsentralen hjulpe Fitjar Kommune med å organisera tv-aksjonen.

Årets Tv-aksjon var tildelt Leger Utan Grenser og hadde god informasjon om sitt arbeid i forkant.

I Fitjar bestemte vi oss for at vi ønska å gå attende til å gå frå dør til dør og ha valfritt for dei enkelte om dei ville oppretta ei dital bøsse i tillegg.

Laurdagen i forkant av tv-aksjonsdagen hadde komiteen i Fitjar rigga seg til i Larsen-bygget i sentrum og inviterte folk innom for ein prat og bli kjent med nokre legar som jobbar og bur her. Her var også informasjonsvideo på plass om Leger Utan Grenser sitt arbeid og årets TV-aksjon. Innsamlingsbøsse var på plass. Premiar for dei som målte blodtrykket sitt, sponsa av Fitjar Kraftlag.

I tillegg til lokale komitee var ordførar, varaordførar, smittevernlege og ein av dei andre lokale legane innom for ein prat.

Innsamlinga i Fitjar vart formidabel og var rekord. Skular, næringsliv, kyrkja med fleire bidrog i tillegg til enkeltpersonar som fekk besøk på døra si. Dette plassert verkeleg Fitjar på kartet med kr 374599,- innsamla i Fitjar. Dette er 3. beste i fylket, og er eit beløp på over 120 kr pr.innbyggjar

## INKLUDERINGSARBEID

### Flyktingar frå Ukraina

Dagleg leiar har delteke i planleggingsmøter saman med Fitjar kommune, for å sjå korleis ein kan rigga eit godt tilbod til flyktingar som var venta til Fitjar hausten 2022.

Frivilligsentralen var spurt om å ha inkluderande grupper med til dømes «Fitjarkompis» slik vi satte opp tidlegare.

I tillegg kom det opp forslag om klesinnsamling og organisering av noko slikt. I tillegg grupperingar med folk som kan ta seg av til dømes skyss ved røntgenundersøking, handling og anna i starten.

No kom mange av flyktingane frå mottak i landet vårt, og hadde gjort unna ein del nødvendige helseundersøkingar og hadde littegrann klede, men ikkje til vinter.

I starten var svært mange innom frivilligsentralen for å søkja informasjon, men dette vart rolegare etter kvart som dei fleste skjøna kor dei skulle henvenda seg for hjelp og rettleiing for å fungera her.

### Gratisbutikk

Etter at frivilligsentralen fekk melding om at det var komne ein del familiar og enkeltpersonar som var flykta frå krig i Ukraina, kontakta frivilligsentralen fleire av dei som hadde meldt seg villig til å sortera og organisera kles-innsamling. Vi kom fram til å realisera ein gratisbutikk som dei får henta seg klede og utstyr som det er trond for. I starten vart ein og ein familie skjerma med avtaletidspunkt, slik at dei kunne i ro og fred frå plukka det dei trengte. Dei frivillige køyrte heim med det dei henta i butikken, da mykje òg var større ting.

Fitjarbuen er svært rause. Vi fekk på rekordtid inn haugvis med flotte klede, sko, syklar, microbølgeovnar, kaffitrakterar, kjøkenutstyr m.v. som vart fint presentert i butikken. To frivillige damer organiserte på plass butikken i løpet av ein kveld eller to- og vart svært presentabel.

Etter kvart kom det behov for å ha litt meir fast opningstid, og da vart det til at frivillige betjener gratisbutikken 1 time 2 dagar i veka, på ettermiddagen – etter at Ukrainerane er ferdig på norsk-kurs.

Frivilligsentralen sökte litt midlar til å kjøpa inn utstyr som ikkje kom inn frå privatpersonar gjennom gåver frå Sparebanken Vest og Fitjar

Kraftlag.

## Møteplass Ukraina

Etter kvart kom det inn spørsmål frå våre nye innbyggjerar frå Ukraina om det ikkje var mogleg å møta dei andre som var kome hit. Det kom og mange spørsmål om fritidsaktivitetar og kva dei kunne gå på i Fitjar.

No har dei tilbod om ein møteplass i Seniorsenteret sine lokaler i regi av frivilligsentralen, og i samarbeid med Fitjar kommune.

Ved denne møteplassen blir dei presentert for forslag til fritidsaktivitetar og korleis dette fungerer .

Mange av dei har no kome i drift med fritidssyslar og er nøgde med dette. Vi har tatt inn 1-2 fritidsorganisasjonar for ein kort og enkel presentasjonsrunde på desse samlingane, og hatt litt «laus snipp» med mat og kos for dei etterpå.

## Gåver til jul

Sparebanken Vest og Fitjar Kraftlag har gitt frivilligsentralen midlar til å kjøpa gavekort der dei nye innbyggjerane frå Ukraina (og Syria) kan kjøpa seg litt god mat og nokre gåver til jul. I tillegg kom det eit gåvedryss frå Haugaland Kraft som vart delt ut i samarbeid med NAV til låginntektsfamiliar i Fitjar.

Dette vart delt ut i møteplassen i desember.

## Frivilligprisen og førjulsamling

Det har blitt ein tradisjon at styret saman med dagleg leiar inviterer til førjulsfest for dei frivillige i kultursalen, Fitjar Kultur og Idrerettsbygg. Dette er ein fin anledning til å gje ein takk til dei frivillige, som gjer ein formidabel innsats i Fitjar.

Det er no kring 100 frivillige som er i fast omløp og har sporadisk eller faste oppdrag. Nokre fleire når ein reknar med over 50 som deltek i

tv-aksjonen i tillegg. Frivilligsentralen produserer ca 3 årsverk frivillig arbeid no, og det er travle dagar .

Førjulsfesten er ei fin anledning for å dela ut frivilligprisen lokalt.

Det blir lyst ut kvart år med ein frist for å melda inn kandidatar til frivilligprisen. Styret er jury , og plukker ut kven som skal få prisen. I år kom det svært mange forslag, og gode kandidatar.

Den som vart tildelt frivilligprisen i 2022 var Anne Marie Røed for sitt lange og store engasjement som frivillig på mange områder.

Røed fekk prisen utdelt under førjulsamlinga av ordførar Harald Rydland FørjuNSSamlinga vart opna av kulturskuleelev med eit veldig fint pianostykke. Dette satte ramma for ein fin kveld.

Styrelieiar Hrafn Thorsteinsson orienterte og litt om arbeidet vårt under festen. Han reflekterte òg over det å vea ny i Fitjar og bli inkludert i eit lite samfunn. Heile førjuNSSamlinga vart leia med stø hand av styrrepresentant Odd Bondevik . «Fitjar ad hock» sa ja til å underhalda og hadde mange gode musikalske perler og avslutta med allsong .

Oppvekstleiar John Karsten Raunholm var utfordra til å hala apell for frivilligåret 2022, noko han gjennomførte på glimrande vis .

Tusen takk alle for frivillig bidrag !

Fitjar Fjordhotell leverte koldbord til førjulsamlinga, og styret pluss dagleg leiar hadde laga masse kaker som dessert. Samlinga romma 109 gjester, i form av samarbeidspartnerar, frivillige og elles inviterte gjester. Alle dei nye innbyggjerane frå Ukraina var inviterte til festen, da ein såg dette som ein fin anledning til å bli betre kjent med fitjarbuen og ønskja dei velkomne .

Fitjar Kraftlag overraska med gåvedryss til frivilligsentralen med hensyn til julegåver og støtte til arbeidet med flyktingar.



Bilder: Festbord og årets prisvinnar Anne Marie Røed i heimen sin.

Anne Marie haldt ein fin takketale etter ho hadde fått overrekt plakett

som bevis på frivilligprisen 2022, samt eit «kast» frå LEIK Fitjar (fangpledd). Plaketten var printa av Helland CNC.



Bilde: gåvedryss frå Fitjar Kraftlag, overrekt av styreleiar Agnar Aarskog.

## OPPSUMMERING

Det har vore eit spennande, men utruleg travelt år for frivilligsentralen. Saman med leiinga av frivilligsentralen og dei frivillige kan ein fastslå at ein har skapt mykje bra for fitjarsamfunnet . Vi kan berre takka djupt og inderleg for hjelp frå alle frivillige, støtte frå samarbeidspartnerar og for hjelp til å finansiera alt det flotte arbeidet vi står for !

Ein stolt dagleg leiar takkar for året 2022 !

**Ellinor Austad Bergesen**  
Dagleg leiar